

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Mottakarar: Elisabet B. Salte, Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Harald Lindvik, Sven Hove, Oddveig Birkeland, Grete Müller.

Vara-medlemmer

Forfall: -

Møteleiar: Linn Bæra

Møtedato: 01.12.2016

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 10/16

Møtestad: Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

Saksnr	Emne	Ansvarleg
94/16 kl 10.00	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker</p> <p>Innkalling godkjent. Ingen kommentarar.</p> <p>Ein sak til eventuelt- brev til RBU frå Landsforeningen for nyrepasienter og transplanterte (LNT) om organdonasjon</p>	Linn Bæra
95/16	<p>Referat frå førre møte i RBU den 24. oktober 2016.</p> <p>Referat godkjent. Ingen kommentarar</p>	Linn Bæra
96/16	<p>Gjennomgang av aktuelle styresaker til møte 7. desember 2016.</p> <p>Sak 129/16 Rapportering frå verksemda per oktober 2016:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Når det gjeld ventetider så syner utviklinga per oktober at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 61 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden låg på 52 dagar. - Aktivitet innan den somatiske sektoren er høgare enn per oktober 2015 for poliklinisk behandling, og på eit litt lågare nivå for innlagde pasientar. Innan psykisk helsevern syner aktiviteten ein svak vekst i talet liggedøgn, og eit litt høgare poliklinisk aktivitetsnivå enn i 2015. Innan psykisk helsevern for vaksne er det vekst i talet utskrivne, og høgare poliklinisk aktivitet. 	Bente Aae, kommunikasjonsdir. Helse Vest RHF

- Prosentdelen fristbrot for behandla var 1,8% i oktober 2016
- Talet på korridorpasientar har framleis ein positiv utvikling, og dei samla tala for oktober er nok ein gong dei lågaste som er målt.
- Det samla sjukefråværet er litt lågare enn for same tid i 2015, og ligg på 6,7%, medan det sjukemelde fråværet ligg på 5,6%.
- Det økonomiske resultatet er på kr 0,7 mill., som er kr 33,4 mill. lågare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 601,4 mill., som er kr 103,9 mill. betre enn budsjettet. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 321mill. høgare enn resultatkravet.

Sak 134/16 – Prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).

- Prosjektet om Stord blei avslutta i sommar, medan Odda-prosjektet fortsette utover hausten og avleverer rapport før jul. Når det gjeld Stord så blir det forventa eit tettare samarbeid med Helse Fonna, men elles ingen store endringar.

Sak 135/16 – Tenestetilbodet innan psykisk helsevern.

I styresaka blir følgjande åtte tiltak/fokusområde føreslått for å auke produktiviteten innan psykisk helsevern:

1. Tilgjenge og tidleg hjelp
2. Oppgåvefordeling og nære tenester
3. Kvalitet på tenestene
4. Tvangsbruk
5. Standardisering og pakkeforløp
6. Arbeid med variasjon og ulikskap
7. Medverknad – brukarperspektivet
8. Gode overgangar

I saka blir sentrale utfordringar og problemstillingar belyst, og desse vil bli tatt med i arbeidet med forslag til revidert regional plan for psykisk helsevern i 2017, som vil bli lagt fram hausten 2017. Styret har bedt om ei oppfølgjande sak våren 2017.

Sak 136/16 - Avtalespesialistordninga i Helse Vest – organisering, fagutvikling, samhandling og kapasitet.

Dette er først og fremst ei orienterings- og drøftingssak til styret der ein særleg ser på kartlegging av avtalespesialistar, krav til desse og framtidig behov.

Sak 138/16 – Internrevisjonsrapport – Forvaltning av tilskotsordningar i Helse Vest.

Hovudkonklusjonen når det gjeld forvaltninga av tilskot til brukarorganisasjonane er stort sett tilfredsstillande, men rutinane for – og gjennomføringa av – tildelingsprosessen bør likevel i større grad dokumenterast skriftleg.

Internrevisjonen vil gi ei tilbakemelding til revisjonsutvalet om oppfølginga i RHF-et rundt sommaren 2017. Tilbakemelding til styret vil bli gitt i årsrapport.

Sak 140/16 – Regional innovasjonsstrategi 2016-2020 er vedteken.

Strategien skal vere eit verkemiddel for å nå felles mål for innovasjon. Innovasjonar må i større grad bli tatt i bruk på tvers av føretaka, og man bør også sjå nærare på moglegheiter for kommersialisering. Dette med kvardagsforbetringar må også takast meir på alvor – det ligg mykje innovasjonskraft i sjukehusa på dette området.

Strategien peiker på fire strategiske satsingsområde:

- Psykisk helse og rusbehandling
- Kroniske og samansette sjukdomar
- Kvalitet i behandlinga
- Effektiv ressursbruk

Det er vidare peikt på følgjande strategiske verkemiddel for å understøtte satsingsområda:

- Auka brukarmedverknad
- Kultur for innovasjon og implementering
- IT og helsedata som regionalt fortrinn
- Organisering og samhandling
- Innovative anskaffingar og næringsutvikling

Sak 141/16 – Ambulansedekning og responstider i Helse Vest.

Helse Vest sin samla plan for prehospitale tenester frå 2008 bør reviderast i tråd med nasjonale føringar, og dette arbeidet vil starte opp så snart

	<p>som mogleg i 2017. Vidare vil Helse Vest arbeide systematisk for at tid frå 113-oppringing til ambulans er på hendelsesstaden skal vere nærast mogleg 12 minutt (tettbygde strøk), eller 25 minutt (grisgrendte strøk) i minst 90% av oppdraga.</p> <p>Sak 143/16 – Omdanning av <i>Helseforetakenes nasjonale luftambulansetjeneste ANS</i> og <i>Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS</i> frå ansvarleg selskap (ANS) til helseføretak (HF)</p> <p>Det er eit ønskje om lik organisering av dei felles eigde selskapa. Det blir òg anbefalt at Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS endrer navn til Pasientreiser HF, og at Helseforetakenes nasjonale luftambulansetjeneste ANS endrer navn til Luftambulansetjenesten HF. Dei nye namna er i tråd med den daglege nemninga av dei to selskapa.</p>	
97/16	<p>Årleg melding RBU</p> <p>Linn sender ut ein mal som RBU-representantane skal bruke for å gje ein oversikt over aktivitet i året som har gått (arbeidsgruppe-/prosjektdeltaking, konferansar etc.). Linn vil ta med seg dette når ho går i gang med å skrive den årlege meldinga.</p> <p>I møtet blei det drøfta innspel til meldinga for 2016:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeidet med nasjonale retningslinjer, også dei innan forskning må omtalast. - Overgangar mellom tenestenivåa – dette bør vektleggast i RBUs årlege melding. - Rehabilitering – dette er eit felt som RBU bør seie noko om, både i høve til kronikarar og nyskada. - Tannhelse - det er lange ventelister for basale tannhelsetenester for pasientar innan habiliteringstenesta, og som må leggjast i narkose for å få naudsynt tannbehandling. - Det bør bli tilsett fleire likepersonar og erfaringskonsulentar i spesialisthelsetenesta. - I spesialisthelsetenesta bør dei med langvarig sjukdom ha eigen kontaktlege. - Pasientreiser – det må vere eit mål at fleire sender inn reiserekning. Tal syner at berre 30-35% av dei som har krav på å få dekkja reisa i samband med helsehjelp sender inn rekning. - RBU bør bli tatt med tidleg i 	Linn Bæra

	<p>budsjettprosessen i Helse Vest.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tettare samarbeid med pasientorganisasjonane. 	
	Lunsj	
98/16	<p>Gjennomgang av evaluering av RBU</p> <ul style="list-style-type: none"> - Linn sender ut eit utkast til utvalet for gjennomsyn/innspeil. - Ordet fritt – RBU generelt: dialogen her blir ikkje referatført. 	Linn Bæra
99/16	<p>Gjennomgang av arbeids- og prosjektgrupper</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orientering frå brukarrepresentantane som skal slutte i RBU, og oversikta over prosjekt-/arbeidsgrupper er oppdatert (lagt ved). - Dialog om prioriteringar: - RBU mottok mange førespurnadar om deltaking i ulike prosjekt, og det blei diskutert om RBU skal gjere særskilte prioriteringar. Samstundes blei det også sagt at endringar skjer raskt, og RBU må henge med på desse. - RBU opptatt av at kompetansen i gruppa kan bli betre nytta, og dette med å halde føredrag blei nemnt som eit eksempel. - Viktig at dei som er oppnemnde som eksterne brukarrepresentantar ikkje blir «sjølvstendige satelittar», men at dei har god kontakt med RBU. - RBU ønskjer meir tid i RBU-møta for å diskutere eigne saker, og representantane blei oppmoda om å sende inn saksunderlag/problemstillingar til leiar av RBU, slik at det blir satt på agendaen. 	Linn Bæra
100/16	<p>Orienteringer/brev til/fra RBU</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brev frå Nettverk for læring og mestring i Helse Vest om bruk av likemannsbegrepet (brevet låg ved møteinnkallinga). <p>RBU vil v/leiar arbeide vidare med å rydde i omgrepsbruken rundt likepersonar/erfaringskonsulentar, medarbeidarar med brukarerfaring, og lagar eit utkast til notat til bruk for ein inviterande dialog med både Veiviserprosjektet og med HOD.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orientering om brev frå Grete Müller til fagdir. i Helse Vest om tiltak mot sepsis (brev låg ved møteinnkallinga). <p>Kort utgreiing frå Grete om sepsis-prosjektet</p>	<p>Linn Bæra</p> <p>Grete Müller</p>

	<p>som vann Forbedringsprisen 2016 på Pasientsikkerhetskonsferansen i Tromsø 21.-22. september 2016. Artikkelen frå prisvinnarprosjektet er sendt til fagdirketør i Helse Vest, og vil bli lagt ved i saksunderlaget når fagdirektørmøtet skal behandle ei sak om sepsis (15. desember 2016).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orientering om møte med Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) den 26. oktober om oppdragsdokument 2017. <p>Leiarar og nest-leiarar av dei regionale brukarutvala hadde eit godt møte med HOD, og innspel til neste års møte er at brukarutvala bør jobbe meir sjølvstendig med krav som brukarane er opptekne av, og ikkje i så stor grad basere seg på tidlegare oppdragsdokument frå HOD</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ekspertutval om datakvalitet i medisinske kvalitetsregistre <p>Linn vil sende brev på vegne av RBU snarast via e-post.</p>	
101/ 16	<p>Eventuelt. Brevet frå LNT blei gjennomgått, og det blei gitt følgjande innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> - På lang sikt er førebygging viktig for å få ned tala på nye tilfelle av diabetes og hjerte-/karlidingar. - Undersøke om det vil vere mogleg med ein avkryssingsboks i pasienten sin kjernejournal, der han kan merke av om han vil vere organdonor. - RBU v/Linn vil lage eit notat til styret og leiargruppa i Helse Vest, og skrive eit svarbrev til LNT om korleis RBU vil følgje opp brevet frå LNT. 	Linn Bæra

Neste RBU-møte er den 26. januar 2017 hos Helse Vest RHF på Forus kl. 10-15.